

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Tysnes kommune

Oversikt områder

Definisjoner

Verdi:	Områdetyper:	
A= svært viktig friluftslivsområde	NT= Nærturterreng	SS= Stransone med tilhørende sjø og vassdrag
B= viktig friluftslivsområde	LR= leke og rekreasjonsområde	KL= Jordbrukslandskap
C= registrert friluftslivsområde	GK=Grønkorridor	UO= Utfartsområde
D= ikkje klassifisert	MA= Marka	TM=Store turområder med tilrettelegging
	SK= Særlige kvalitetsområder	TU= Store turområder uten tilrettelegging
	AF= Andre friluftslivsområder	

ID	Kommunenr.	År	Eier	Opphav	Områdenavn	Område- type	Verdi	Områdebeskrivelse
1	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Tysnesfjellet	UO	A	Stort og svært populært turområde med fleire merka turstigar. Fantastisk utsikt med god sikt i alle himmelretningar. Høgfjellsområde med fleire toppar på over 700 moh. som geografisk utgjer det sentralaustlege område av øya. Tysnessåta (753moh) er det høgaste fjellet i kommunen, og det går fem merka ruter opp til toppen. Alle rutene tek utgangspunkt i parkeringsplass. Parkeringsplassen i Solheimsdalen er eit av dei mest brukte utgangspunkt for turar på Tysnesfjellet, både sumar og vinter. Parkeringsplassen har om lag 80 plassar, samt ei informasjonstavle. Solheimsdalen er også eit flott utgangspunkt for ski. Her er det skianlegg med lysløype. Det er også gode førehold for terrengsykling, fjellklatring og kanopadling i området. Området omfattar eit variert landskap med både høgfjellsnatur og frodige, sørvendte lauvskogslier. Blandingsskog (hovudsakleg bjørk, furu og planta granskog) og ein rik førekomst av plante- og dyreartar. Området er elles myrete med mange vatn. Det går ein pilegrimsstig på tvers av Tysnesøya, frå Tysnes kyrkje til Onarheim kyrkje, som kryssar gjennom ein del av dette området.
2	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Salsborg- Øykjafjellet	UO	B	Turområde med fjelltoppane Salsborgo (409 moh.) og Øykjafjellet (368 moh.). Lokalisert på den sørlege delen av Tysnesøya. Området liknar Stølafjellet, men har fleire turstiar. Ligg i nærleiken av Onarheim skule som nyttar området ein del. Her er ein sel og ulike kulturminne. Parkering i Flakka og Gongstø.
3	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Skorpo	UO	C	Kommunens tredje største øy som er lokalisert søraust for Tysnesøya. Øya er kalkrik og kjenneteikna av rik og frodig vegetasjon, det same gjeld heile austsida av Tysnes. På toppen av Laukhammarsåto (214 moh.) har det verte funne spor av ei bygdeborg. Litt vanskeleg å kome seg ut til området, sidan ein per i dag er avhengig av bil for å kome seg dit. Kalkbu og ulike kulturminne.

4	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Flakkavågen	SS	B	Skjergard med fleire holmar og strender som ligg sør for Tysnesøya. Viktig fiskeområde. Ein lun og avskjerma våg med stille vatn gjer Flakkavågen til eit flott område for bading og padling. Mest lokale brukarar. Lengst inn i Flakkavågen er eit område registrert i Naturbase som strandeng og strandsump. Berggrunnen på austsida av Tysnes inneheld mykje kalk som har vorte utnytta til kalkbrenning i fleire hundre år. Både kalkomnar og andre kulturminne i området. Den kalkrike grunnen gir området ein rik vegetasjon, og det er mellom anna store forekomstar av eføy og kristtorn i området. Flytebrygga ved butikken er ein gunstig stad å sette ut kajakk og kano.
5	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Søreidsvågen- Drange	SS	B	Idyllisk område. Klubben er ein fin badeplass som ligg ute på eit nes. Populært å fiske i vågen. Fleire badeviker som hovudsakeleg vert nytta av lokalbefolkninga. Litt vanskeleg å finne god parkeringsplass. Området har rik flora, og ein kan mellom anna finne bjørnebær, ramsløk og liljekonvall. Flott kulturlandskap. Området rundt Drangsvågen er òg svært fint. Kulturluren på Drange er ein gard kvar fjøsen er bygd om til eit museum som viser utstyr som vert nytta innan gardsdrift frå 1850-1950. Her er ein privat parkeringsplass for besøkande til løo.
6	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Flatråkervassdraget	SS	B	Område beståande av tre samanhengande vatn (Flatråkervatnet, Midtvatnet og Nordbustadvatnet) med kanalar imellom. Kanalane er svært gamle og difor viktige kulturminne. Flott område for padling. Mogleg å leige kano av Tysnes Jakt og Fiskelag (JFL). Rundt vassdraget er det ei 31 kilometer lang sykkelløype som startar og ender i Våge. Sykkelløypa går gjennom svært naturskjønne område. Området er òg eigna for fotturar, fising og bading. Tilrettelagt badeplass med sandstrand i Vassnaustedalen.
7	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Onarheim-Onarheimsfjorden	SS	B	Kort turløype langs kystlinjen. Onarheim brygge er tilknytt eit settefiskanlegg. Her er det benkar og det er ofte folk som fiskar frå kaia. Nærleik til Ånuglo frå Onarheim brygge. Tilrettelagt sti frå dette området opp til Blåbærhaugen. Pilegrimsvandring, ein årleg arrangert tur frå Tysnes kyrkje til Onarheim kyrkje, ender her. Tilkomst til andre turløyper. Få parkeringsmoglegheiter, men god tilgjenge med båt. Sjølve Onarheim er rik på historie. Kulturkyrkje opna sumaren 2015. Gamal tingstad frå 1200-talet. Regionalt senter kvar dei mektige menn kom saman for å ta avgjersle. Fylkesvåpenet til Hordaland er laga etter eit segl funne etter Olavsgildet på Onarheim på 1300-talet. Tusenårsstad for kommunen i år 2000. Sunnhordaland museum har opplegg for barnehagar og skular i Seløystova.
8	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Årbakka	NT	A	God tilkomst med bil, sykkel og båt. Toalett og parkering. Årbakka er ein gamal handelsstad frå slutten av 1500-talet, og er hovudområde for kulturminne i kommunen. Bautasteinar frå jernalderen på Årbakkavollen. Nede mot sjøen ligg ein restaurert handelsstad med smie, handelsbu og sjøbu. Området har ei flott utsikt. Kommunens fremste turisttilbod i kultursamanheng. Hordamuseet brukast i undervisningssamanheng i samband med Sunnhordaland museum. Det går ein gamal veg frå Nedrevåge og til Årbakka som vert nytta ein del.

9	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Malkenes	NT	C	Fin natur og flott kulturlandskap. Ein del inngjerda områder og dyr på beite, så vis omsyn. Fleire gravrøyser i området.
10	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Godøyane	SS	A	Eit heilt spesielt område med fleire øyer, holmar og skjer. Området er hyppig brukt av folk som driv med padling og dykking. Fint å gå fottur på øyene. Godøy var eit naturleg stoppestad for båtfolk den gongen då sjøen var vegen. Stopp her under tømmertransport til Skottland. Fleire gode hamner inne i vikene. På Solstråleøya vart det bygd eit "slott" av engelskmannen John Musgrove på slutten av 1800-talet. Øya vart gjeve til kongehuset i 1905, og etter kong Olavs død blei øya gitt i gåve til Tysnes kommune under føresetnad at eigedomen vert nytta til «friluftsområde for almenheten». Øya er rydda for å få dei gamle spaservegane fram i dagen att. Toalett, bord og benkar, fast grill, grindabygg og kai på nordspissen av Solstråleøya. Naustet på nordsida er sett i stand og er ein del av kystleia. Flytebyggje sørvest på øya. Det er fint å telte i vika nord for huset. Godøysund er eit fint utgangspunkt for padling ut til Solstråleøya. Aust på solstråleøya ligg den gamle oppsynsbustaden. Huset på øya vert halde ved like av Solstråleøya venelag og kan leigast etter avtale. Kai på nedsida av huset som gjer øya lett tilgjengeleg for båtfolk. Gunnarsvikjo ligg ved innsegling til Godøysundet. Her er det flotte svaberg og ei lita strand. Toalett, båtfeste og stupebrett. Lettast tilgjenge med båt. Informasjonstavle for området i gjestehamna i Våge. Badeplass på Fluøyane, som ligg nordvest for Store Godøy. Dette er eit fuglereservat med ferdslerestriksjonar 15.april-31.juli. Toalett og stupebrett, fin strand, feste for båt og gode fiskeplassar. Det ytste utsiktspunktet på Maurholmen vert kalla «Verdas ende».
11	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Bjørnåsen- Tuvefjellet	UO	C	Lokalisert langs den austlege delen av Tysnesøya. Fleire toppar på over 300 høgdemeter. Kyrkjefjellet (332moh) i den sørlege delen av området er mest populært. Skogområde med furu- og blandingskog. Mykje barlind i den austlege delen av området. Litt vanskeleg å finne fram på grunn av manglande skilting. Det er knytt mange mytar til <i>Vevatnet</i> som ligg vest for Bjørnåsen- Tuvefjellet. Namnet Vevatnet tydar «det heilage vatnet», og det har tidlegare truleg vore eit åndeleg sentrum for delar Vestlandet.
12	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Humlevika	SS	B	Bra fiske i Humlevika, ein kan mellom anna få mykje torsk her om vinteren. Området er tilknytt badeplass i Apalvika.

13	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Fiskevatnet	NT	B	Lokalisert nordaust på Tysnesøya, nær Lundegrend. Nærmiljøområde med turløyper og ein mykje brukt turveg. Fiskevatnet vert nytta til bading om sumaren og skøyting om vinteren. Parkering i Humlevik kvar skiltinga til turvegen startar. Parkeringa fungerer som ein inngangsport til området rundt Fiskevatnet. Tursti med nydeleg utsikt frå dette området til Ådnastegen og vidare til Tysnessåto. Det går også ein sti mellom Vevatnet og Fiskevatnet. God tilgjenge for både syklende, gåande og bilistar. Det er parkeringsmoglegheiter i to endar av området.
14	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Våge	UO	B	Båthamn i Våge, og ei hamn på Gjerstad. Mykje båtliv inne i vågen, skjerma område for båtar. På Gjerstad er det badestrand og planar om å sette opp toalett. Det går ein veg ned til badeplassen. Privat parkeringsplass. Tysnes skule nyttar området ein del. Kulturløype som har eit stopp her, og det er satt opp kulturskilt. Veg ned til Todneset som det er fint å sykle ut til. Gamal offerplass, bautastein og ein gravplass kvar ein kan gå inn å sjå. Eit heilt spesielt solfenomen på Todnes. Neset vert markert av sola på ein spesiell måte ved alle dei fire solvendepunkta i året. Folk som padlar startar gjerne turen frå sandstrand inne i Våge. Hamna i Våge er ei av dei beste gjestehamnene i Sunnhordland. Båtlaget Njord har eit naust i Ve, ein del segling og padling.
15	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Hovland- Tveit	NT	B	Hovudsakeleg Klubben friluftsområde som vert nytta til friluftslivsføremål. Veg heilt ned i området. Dette området, saman med Kjevika, er dei mest populære badeplassane som ein kjem til frå land. Toalett og stupebrett. Bord og benkar med grillplass. Fint å overnatte i telt ved stranda her. Langstrakt vik med grunt vatn, passar bra for barn. Fortøyingsboltar. Sjølve badeområdet er lite utbygd, sjølv om det er lokalisert tett på utbygde område. Parkering utanfor det gamle skulehuset. Tilrettelagte turstiar opp til fjellområda. Det fins og ein merka sti ut til badevika. Velhalde kulturlandskap i området.
16	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Vestrefjellet- Teigland	UO	B	Sentral plassering nord på Tysnesøya, nordvest for Våge. Skogområde med ein del myr og blandingskog med stort innslag av furu. Dette er også eit viktig område for jakt. Område er eit mykje brukt turmål for elevane på Tysnes skule. Båthamn i Våge gjer dette området meir tilgjengeleg for folk i båt. Skilting frå Teigland. Lett tilgjengeleg for gåande og syklende, men manglande parkeringsmoglegheiter for bilistar.
17	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Stølafjellet	NT	B	Sentralt på Tysnesøya. Landskapet er dominert av einer, kratt og lyng, samt furu- og blandingskog. To fjelltoppar Slettafjellet (298 moh.) og Stølafjellet (451 moh.). Det er tursti med turbok på Stølafjellet. Fleire kulturminne i området.

18	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Myklestadskogen	SK	A	Område nordvest på Tysnesøya, ved Uggdal. Skogområde hovudsakeleg bestående av furu. Fleire turløyper, og ein rundløypetur på om lag 3,5km med særleg høg bruk. Kjevikjo friluftsområde med gode parkeringsmoglegheiter. På parkeringsplassen ved Heningen i Uggdal er det satt opp informasjonstavle. Tilrettelagd badeplass med sandvolleyballbane, fin badefjøre, stupebrett og redningsbøye. HC-toalett og baderampe for rørslehemma. Fortøyingsboltar langs svaberga. Kjevikjo er òg eit bra utgangspunkt for padleturar i Bårdssundet. Bautastein, gravrøyser og fleire minnesmerke frå eldre jernalder og folkevandringstida. Kyrkjevatnet vert nytta til skøyting når det er kaldt nok. Fiskevatn med stor bestand av gjedde.
19	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Søreidsvika- Beltestad	SS	B	Fint område for padling fra Beltestadknappen badeplass. Langgrunn sandstrand. Tilgjenge med båt. I Ersværsvågen er det som regel vindstille og lett å ankre opp med båt.
20	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Sletteskogen	NT	B	Skogsveg opp til Barmehovda som vert ein del nytta. Går gjennom furuskog. Ikkje skilta. Mykje kristtorn langs vegen i austleg del av området. Restar av kalkomnar. Kalkverksemd har vore svært viktig for Tysnes.
21	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Bårdssund	UO	A	Mykje brukt av båtfolk. Fredeleg og skjerma område mellom øyer og holmar. Fleire naturlege badeplasser, men ingen av dei er tilrettelagt. Området vert òg mykje nytta til fiske. God tilgjenge frå sjø, men ikkje frå land. Fleire fornminner og kulturminne i området. Brunøya er eit fint fiskeområde, populært å sette ut garn her.
22	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Vernøyane- Hopsundet	SS	A	Flott område bestående av fleire øyer og holmar. Fint kulturlandskap på Eldholm. Fleire av områda og badeplassane har ein nydeleg solnedgang, særleg på nordvestsida. God hamn i Kuvågen. I Liljevågen er det ei fin sandstrand. På Litle Vernøya er det fleire vikar kvar det er fint å legge til med båt. Området som kallast «Den blå lagune» er ekstra flott. Her kan ein legge til med båt og gå turar på øya til fots. Området er prega av gjengroing. Gravrøys. På fleire av øyene var det klebersteinsuttak heilt tilbake på 1000-talet. Det har òg vore granittuttak i Hopsundet. Nemnt i naturhistorisk vegbok grunna sumpmarkområde og spesiell flora. Her lever òg sjeldan elvemusling. Turveg frå Hope og ut mot Vernøya. I Hope er det bra parkering. To oppdrettsanlegg i søraustleg retning som det i periodar er ein del lyd ifrå.

23	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Gjøvågsfjellet- Dalstuva	UO	B	Området består av mykje myr og skog. Fleire merka turstiar med ulike startpunkt. Ein tursti rundt Frøkedalsvatnet kvar ein kan sjå restar etter ei gamal gullgruve. Det går òg ein til Dalstuva, og ein rundt Skrudalsvatnet i nord. Dette er eit viktig jaktområde og har eit rikt fugleliv (til dømes orrfugl, tiur og ørn). Gjøvågsvarden (306moh) og Dalstuva har postkasse med vardebok på toppen. Rett vest for varden kjem ein til det bratte berget ovanfor Uførene. Dette punktet er registrert som startpunkt for paraglidarflyging når det er vestavind. Området er særleg mykje nytta om sumaren.
24	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Eldholmsmarka	NT	B	Turområde nord på Reksteren som er mest nytta av lokalbefolkninga. Fleire krigsminner lengst ut mot kysten i nord. Ein del hytte i området.
25	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Hålandsneset	NT	B	Område er mykje brukt til jakt. Ein del merka turstiar. Turen opp til Liavarden er mest populær i nærområdet. Rekkjetunet i Færavåg har vore drive som eit kunst- og kultursenter i Tysnes. Den eldste bygninga kan daterast tilbake til 1599. Rekkjetunet er ope for omvising etter avtale.
26	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Ånuglo	SS	A	Ånuglo, Seløy, Midtøy og deler av Flornes er registrert som naturvernområde. Eit fantastisk naturskjønt område som er mykje brukt til tur. Båtane legg seg i Bekkjarvika nord på Ånuglo. Her er det fortøyingsboltar, bord, benkar og toalett. Frå dette området går det fine skogsveger og stier opp i skogen. Heilt spesiell og verdifull flora. Dette er grunna kalkrik berggrunn og varme vintre. Store førekomstar av barlind, kristtorn og andre sjeldne vekstar. Området er meir eller mindre inngrepsfritt. Tilkomst med båt. Store huler etter kalkuttak på vestsida av Seløy.
27	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Kråko	UO	D	Området er bandlagt etter lov om naturvern. Verneområde for fugl med ferdslerestriksjonar 15.april-31.juli. Nesten ikkje brukt i dag grunna mykje skog, men no pågår det arbeid med skogfjerning. Dette vil lette tilkomsten til øya.
28	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Nesøya	SS	B	Lokalt viktig badeplass for heile nærområdet. Har vorte nytta som badeplass i generasjonar. Det går ein veg nesten heilt ned til området så det er lett å kome fram med bil. Det er svært fint å gå frå parkeringsplassen og rundt øya. Ingen skilting, men lett å finne fram. Neshamn er ein historisk viktig handelsstad på Nesøya.
29	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Gjersmyra	NT	C	Runde rundt Gjersmyra på lite trafikkert veg. Hovudsakeleg lokale brukarar som tek ettermiddagsturen her.
30	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Apalvika	LR	B	Viktig nærmiljøanlegg. Badeplass og friluftsområde i ei lun lita vik. Toalett og oppgradering av sandvolleyballbane. Har vorte laga til betre tilkomstveg. Moglegheit for parkering.

31	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Uggdal- Reiso	NT	A	Området ligg i nærleiken av Uggdal skule. Planlagt sandvolleyballbane ved idrettsplassen. I "Slengdisseskogen" er det hengt opp nokre tau som ungar kan leike i. Benkar. Sti opp til Horga frå skulen, med fin utsiktsplass på toppen. Deler av stien går gjennom ein tett granskog som vert kalt "Eventyrskogen". Stien har tidligare vore skilta. På toppen av Notto er det òg eit fint utsiktspunkt. Her kan ein sjå langt inn i Uggdalsdalen. Badeplass i bekken ved skulen.
32	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Myklestad- Heie	NT	B	Delar av gamlevegen over Tysnes går gjennom Uggdal og til Våge. Kistevegen frå Hårstøa til Uggdal kyrkje kvar dei i gamle dagar kom roande med dei som skulle gravleggjast. Viss det er kaldt nok om vinteren kan ein gå på skøyter på Reisetjørna.
33	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Valberget	NT	C	Utsiktspunkt. Tur som hovudsakeleg vert gått av lokalbefolkninga på Onarheim. God tilgjenge.
34	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Blåbærhaugen	NT	A	Blåbærhaugen er eit ganske nytt område, men har allereie blitt ein svært populær tur. God skogsbilveg sikrar lett framkomst. Parkering i Onarheim, og i svingen på vei opp til Blåbærhaugen.
35	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Gjerstad	NT	A	Populært område for skule og barnehage. Det står nokre store bøketre ved kraftstasjonen som er flotte å leike i. Starten på sju turar ifrå skulen. Gamal stølsveg frå Gjerstad til Tysnesfjellet. Fin tur opp til Vågstjørna kvar det er sett opp benkar. Kulturløype. Populær tur opp til Ramnanuten i frå Gjerstad. Her får ein fin utsikt frå toppen.
36	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Vågsmarka (nedre)	LR	B	Leikeplass.
37	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Vågsmarka 2 (øvre)	LR	A	Populær leikeplass i Våge.
38	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Svevågen leikeområde	LR	C	Eit lite brukt leikeområde ved sjøen.
39	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Kaldefoss- Svarvehella	GK	B	Mykje nytta sti frå Kaldafoss og ut til den nordlege enden av Reksteren. Populært hytteområde. Fleire krigsminne lengst ut langs kysten i nord.
40	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Sti Selestova- Onarheim skule	GK	C	Snarveg.
41	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Korsfjorden	SS	C	Korsfjorden er eit lite skøytevatn lokalisert i nærleiken av busetnad på Teigland og i Våge. Mykje brukt av Tysnes skule. Det går ei merka turløype rundt Korsfjorden.
42	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Onarheimsvatnet	NT	A	Mykje brukt turområde. Mogleg å køyre heilt ut til vasskanten og parkere på ein liten parkeringsplass ved vatnet. Bord og benkar, lavvo og utleige av kanoar. Vert nytta i undervisningssamanheng.

43	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Henningshagen	GK	B	Sti mellom Solhaug byggefelt og ned til Onarheimsvegen som nyleg har vorte gjort i stand.
44	1223	2016	Tysnes kommune	Kartlegging av friluftslivsområder i Tysnes	Hønsaholmen	LR	B	Badeplass i nærleiken av Våge. I nærområdet til skule og barnehage, som besøkar området ein del. Stor båthamn like ved.